



# Atlanterhavsvegen Bud – Kristiansund



Bryggen i Bud. Foto: Arve Kjersheim, Riksantikvaren



Havneanlegget i Bud i Møre og Romsdal.

Foto: Arve Kjersheim, Riksantikvaren

## Bakgrunn

Strekninga Bud-Kristiansund er eit dramatisk kystlandskap med eit breitt spekter av kulturminne. Desse bidrar til å fortelje korleis folk har levd og brukt naturressursane gjennom fleire årtusen. Pilotprosjektet legg særskilt vekt på ei koordinert satsing på kystens kulturarv og landskap for å styrke busettinga og næringslivet, spesielt reiselivet.

Kristiansund som by og Bud som fiskevær og tettstad i Fræna kommune er innfallsportane eller portalane i kvar sin ende av prosjektområdet. Prosjektområdet dekkjer delar av dei fire kommunane Fræna, Eide, Averøy og Kristiansund - primært dei kystnære områda mot Atlanterhavet, men for å sikre fagleg og historisk heilskap er også område utanfor kjernestrekninga inkludert.

## Overordna mål og utfordringar

Vi har definert følgjande overordna prosjektmål:

*Verdiskapingspiloten Atlanterhavsvegen Bud-Kristiansund skal medverke til ei positiv stad- og samfunnsutvikling på strekninga Bud-Kristiansund med utgangspunkt i kulturminne og ei heilskapleg satsing på kysten sin kulturarv og kulturlandskap.*

Hovudmålsettinga er formulert slik:

*Atlanterhavsvegen Bud-Kristiansund har som målsetting å bli det fremste reisemålet i Sør-Noreg med utgangspunkt i levande kystsamfunn, med fokus på*

- *ei samordna kulturminneforvaltning*
- *ein sterk lokal identitet*
- *aktivitet, formidling og tilgjenge*
- *bærekraftig verdiskaping*
- *kvalitet i alle ledd*

Utfordringar for prosjektet er særleg knytt til korleis få til eit samla grep med omsyn til:

- Sikre ei brei lokal forankring og stabile nettverk
- Istandsetting/restaurering av kulturminne og synleggjering av kulturminne som ressurs i samfunnsutviklinga
- Betre koordinering av reiselivstenester og tilbod
- Stimulering til og utvikling av næringsutvikling basert på kulturminne og kulturlandskap.
- God balanse mellom bruk og vern
- Produktutvikling, marknadsføring og merkevarebygging
- Heilskapleg informasjon og formidling
- Sikring av varige effektar

I Strategisk handlingsplan er følgjande seks strategiområde definert:

1. Formidling
2. Kulturminnevern
3. Næmingeprojektet/spesialutdanning for tømrrarar innan lokal handverkstradisjon
4. Næringsutvikling
5. Lokalsamfunnsutvikling
6. Livet etter 2010/Vegen mot varig drift.

## Organisering

For å sikre god fagleg og geografisk forankring har Fylkestinget vedtatt at pilotprosjektet skal leiast av ei styringsgruppe på 17 personar. Styringsgruppa gjer overordna vedtak om prioriteringar og ressursbruk, vedtar styringsdokument, og sikrar framdrift og at vedtak blir følgt opp.

Ei prosjektgruppe med 8 medlem har ansvar for å definere prosjektinnhald på eit meir detaljert plan og utarbeide forslag til strategiar, tiltak og verkemiddel innanfor rammer og overordna regningslinjer gitt av styringsgruppa. Prosjektgruppa skal fungere som eit bindeledd mellom fylket, dei fire kommunane og sentrale aktørar, og har såleis eit spesielt ansvar for å sikre ein god dialog inn mot egne lokalmiljø.

Oppdragstakar for prosjektet er Kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylke, som gjennom prosjektleiaren og kulturvernseksjonen utgjer prosjektsekretariatet. Sekretariatet har ansvar for og rett til å søke samarbeid med andre aktørar i fylkesorganisasjonen og med næringsliv, kommunar, frivillige lag/interesseorganisasjonar og statleg forvaltning. Kulturavdelinga er også sekretariat for prosjektgruppa og styringsgruppa.

## Tilgrensande prosjekt og satsingar i fylket/regionen

- **Fiskarbondens arv.** Har som hovudmål å styrke næringslivet og bygdesamfunna på kysten i fylket. Fem prosjektkommunar, derav Averøy og Fræna. Tre satsingstema: Kulturlandskap/ kulturminne, kystmat, og ferdsel og turisme langs kysten. Går ut 2009.
- **Nasjonal turistveg.** Strekninga Bud-Kårvåg er ein av to aktuelle Nasjonal turistveg-strekningar i fylket. Satsinga er enno på planstadiet, men ein søker å finne samarbeidsløysingar der dette er mogleg og naturleg.
- **Møre og Romsdal fylke sitt Reiselivsprogram:** Etablert for å styrke reiselivsnæringa, med bakgrunn i eit openbart potensiale innan reiselivsnæringa som ikkje er henta ut. Fleire av dei fremste naturbaserte attraksjonane i Noreg ligg i Møre og Romsdal, og fylket har rike kulturminne. Reiselivsprogrammet ser på løysingar for å utnytte dette betre, og har samstundes fokus på å skape felles aktørarenaer for vidare utvikling av næringa. Går ut 2010.
- **Frivillig-prosjektet/Livskraftige kommunar:** Har som mål å få i gang eit systematisk arbeid for å utvikle ein meir offensiv politikk for miljø og samfunn i alle kommunar i fylket. Kommunane ønskjer å ta betre grep om samfunnsutviklingsrolla og vere pådrivarar for ei berekraftig utvikling, og det er eit stort potensiale for auka samarbeid mellom frivillige organisasjonar og det offentlege. Prosjektet blir koordinert av KS i samarbeid med Møre og Romsdal fylke. Går ut 2009.

Verdiskapingspiloten og tilgrensande prosjekt har overlappande mål og interesser på fleire område, og det er etablert gode samarbeidsrelasjonar. Samarbeid gjev faglege og økonomiske føretrinn og mogleggjer gjennomføring av tiltak vi ikkje kunne greidd kvar for oss.

Verdiskapingspiloten er forankra i fylket sin Samhandlingsarena, som vart oppretta for å forsterke og vidareutvikle samhandling i einskapsfylket på tvers av fagfelt og avdelingar. Gjennom Samhandlingsarenaen knyter ein automatisk band til andre fylkesprosjekt og satsingar, og tverrsektorielle utfordringar kan lettare bli drøfta og løyste. Prosjekta i Samhandlingsarenaen rapporterar direkte til leiargruppa i einskapsfylket.

## Kontakt/meir informasjon:

[www.verdiskapingsprogrammet.no](http://www.verdiskapingsprogrammet.no)

[nina.karen.torske@mrfylke.no](mailto:nina.karen.torske@mrfylke.no) ; Tlf. 976 97 424



*"Vi gler oss te å værra med på ta` her"! Med stor entusiasme og glød! Yours truly, Frode Alnæs.  
Foto: Tidens Krav*